

Møtebok

frå

utdanningsutvalet

Møtestad: AR T-401
Tid: 13.11.2019 kl. 09:00 – 11:00

Fylgjande faste medlemmer møtte:

Turid Borgen
Emilie Christensen
Astrid Birgitte Eggen
Rune Giske
Anne Helliesen
Philip Lundberg Jamissen
Jan Terje Kvaløy
Aslaug Mikkelsen
Bjørg Frøysland Oftedal
Viktoria Opsahl
Brita Strand Rangnes
Marianne Skogerbø
Julie Wangen

Fylgjande medlemmer hadde meldt forfall:

Leslie Leith Symington
Magne Olav Sydnes

Fylgjande varamedlemmer møtte:

Øystein Lund Bø
Morten Schjelderup Wensberg

Fylgjande faste observatørar møtte:

Anne Beth Våga
Atle Løkken

Frå administrasjonen møtte:

Veslemøy Hagen, Eilef J. Gard, Kristofer Henrichsen og Bjarte Hoem

Møtet vart leia av Astrid Birgitte Eggen

Møtebok: Utdanningsutvalget, 13.11.2019

Saksnr.	Innhold	U.off.	Arkivnr.
UU 36/19	Godkjenning av innkalling		
V-sakUU 37/19	Godkjenning av møtebok 16.10.2019	19/07149-9	
UU 38/19	Prorektor orienterer		
UU 39/19	Kvalitet i studieprogram - akkreditering av Master's Programme in Service Leadership in International Business	19/00036-19	
UU 40/19	Erasmus+ og ekstern finansiering av utdanningssamarbeid	19/09278-2	
V-sakUU 41/19	Forslag til endringer i forskrift om opptak til studier og emner ved Universitetet i Stavanger	19/09316-5	
V-sakUU 42/19	Utfyllende regler for lokalt opptak til masterstudier og videreutdanninger	18/07765-2	
UU 43/19	Utgår: Kvalitet i studieprogram - interne tilsyn 2019		
V-sakUU 44/19	Semesterstart 2019 - rapport	15/06290-16	
V-sakUU 45/19	Plan for utdanningsutvalet 2020	19/07149-8	
O-sakUU 46/19	Andre orienteringssaker	19/09556-2	
UU 47/19	Eventuelt		

Stavanger, 13.11.2019

V-sak UU 36/19**Godkjenning av innkalling****Vedtak:**

Innkallinga er godkjend.

V-sak UU 37/19**Godkjenning av møtebok 16.10.2019****Vedtak:**

Møteboka er godkjend.

O-sak UU 38/19**Prorektor orienterer**

Utvalsleiar orienterte om ECIU University. Det var eit møte i Brussel veka før dette møtet, der hovudføremålet var signering av avtalen mellom institusjonane i konsortiet. Representantar frå 114 universitet deltok, dei representerte alle 17 konsortia som har fått tildelt status som European University. EU-kommisjonen var også sterkt til stades. Det skal lysast ut ein ny runde for nye europeiske universitet, med 114 millionar Euro for tildeling av inntil 25 nye konsortier.

ECIU University hadde styremøte i Barcelona fredag 8. november.

Prodekan for utdanning frå Handelshøgskolen refererte til møte på fakultetet om prosjektet, og sa at dei ventar på at noko skal skje. Dei er usikre på kva grep dei skal ta på fakultetet.

Utvalsleiar svara at der er ein del ting som må gjerast, før me er klar til å starta det eigentlege arbeidet. Det vert arbeidd med ein plan for korleis me skal få det til ved UiS.

Bjarte Hoem, som er lokal ambassadør for ECIU University ved UiS, la til at han forstår bekymringa frå fakulteta. Alle arbeidspakkeleiarane møttest i Barcelona i helga og diskuterte vidare arbeid i konsortiet. ECIU University vert også tema på seminaret 12. desember.

Utvalsleiar fortsette med orientering om medisinutdanning ved UiS. Universitetsleiringa vert invitert inn på nasjonale arenaer for å presentera tenkjinga vår om medisinutdanning. UiS får god merksemd om sak og får honnør og støtte. Ein er i startgropa for å laga ein kjempehub for helseutdanning og forsking knytta til det nye sjukehuset på Ullandhaug. Grimstadutvalet sin rapport har nokre dissensar, desse er til UiS sin fordel. Der er diskusjonar med politisk leing om gradsforskrifta må endrast, og om UiS kan akkreditera sjølv.

For tida vert det arbeidd med å kartleggja fagleg kapasitet. Utvalsleiar sa også litt om korleis prosjektet er organisert internt ved UiS. Me må vera svært nøyne med korleis me dokumenterar prosessen med utviklinga av studiet.

Det er ein stram tidsplan for utviklinga av studiet. Ein legg opp til etablering i styret før akkreditering i utdanningsutvalet hausten 2020. Men utvalet vil verta orientert i møtet 13. mai. Det er lagt opp til oppstart hausten 2021.

Prodekan for utdanning ved Det helsevitakaplege fakultetet sakna primærhelsetenesta i referansegruppa i prosjektet. Ho etterlyste også høyringa om Grimstadutvalet sin rapport. Den skal i fylge utvalsleiar koma ganske snart.

Utvalsleiar orienterte også om ny strategisk plan for UiS, som skal gjelda frå 2020 til 2030. Prosessen skal vedtakast i styret i desember. Utvalsleiar vil bruka utdanningsutvalet til å gje innspel. Utfordringane på utdanningssida må vera mykje tydelegare. Strategien må syna klar studentmedverknad i utdanningane.

Til slutt orienterte utvalsleiar om seminar om utdanningskvalitet, som skal vera 12. desember. Det vil ha to hovedtema. Det vil koma ut invitasjon i slutten av inneverande veke.

Vedtak:

Utvalet takkar for orienteringa.

V-sak UU 39/19 Kvalitet i studieprogram - akkreditering av Master's Programme in Service Leadership in International Business

Utdanningsdirektøren innleia i saka. Denne søknaden måtte bearbeidast betre før den vart lagd fram for utvalet. Noko av diskusjonane handla om namnet på studiet. Eksterne fagfeller tilhår akkreditering og berømmer godt innhald i studiet.

Utdanningsdirektøren la til at dette er eit eksisterande program som har vore omarbeidd, m.a. på bakgrunn av resultat frå Studiebarometeret.

Prodekan for utdanning ved det samfunnsvitskaplege fakultetet sa også at instituttet har gjort ein god jobb med dette, m.a. med å utvikla undervisingsformene i studiet.

Vedtak:

Utdanningsutvalget akkrediterer Master's Programme in Service Leadership in International Business. Norsk navn på programmet er Masterstudium i serviceledelse i internasjonal business. Studiet fører fram til grad og tittel Master of Service Leadership in International Business. Utdanningsutvalget anbefaler styret å etablere studiet. Utvalget anbefaler at Master's Programme in International Hospitality Management fases ut og legges ned.

V-sak UU 40/19 Erasmus+ og ekstern finansiering av utdanningssamarbeid

Utdanningsdirektøren innleia. Tabellen side 4 er imponerande. Den syner kva UiS har fått gjennomslag for. ColLab er eit samarbeid med fleire av universiteta i ECIU. Forslaget om gjennomgang må også innebera ei prioritering av kva internasjonaliseringssaker UiS skal arbeida med.

Frå samtalene i saka:

- Det er veldig bra å få denne saka og setja i gong arbeid med å sjå på kva som må til for å få til internasjonalt forskingssamarbeid. Framlegget til vedtak gir rom for at det handlar om meir enn det internasjonale arbeidet.
- Det er nytt at Norge har fått sine konkurransearenaer. Søkingsberedskapen i institusjonen er kanskje høgare enn det administrative støtteapparatet. Me må ha interne fristar for søknader til eksterne utlysingar.
- I institutta opplever me ofte at tidsressurane i fagmiljøa er knappe. Dette arbeidet bør koma inn i arbeidsplanane.

Det var vidare ein kort diskusjon om ansvarsfordeling for internasjonalisering i studia. Det ligg i mandatet til studieprogramleiarane, og er teke ut av mandatet til prodekanane for utdanning. Prodekan for utdanning ved Det humanistiske fakultetet mente at det må ei kulturendring til, at arbeid med internasjonalisering må vera ein del av det ordinære arbeidet med kvalitet i studia.

Prodekan for utdanning ved Det helsevitskaplege fakultetet mente at det bør vera mogeleg å kunna søkja om utdanningstermin, og ikkje berre om forskingstermin.

Utdanningsdirektøren kommenterte at i budsjettforslaget for 2020 ligg det inne midler for å stimulera til kvalitetshevingstiltak i utdanning.

Leiar for internasjonalt kontor la til at saka rettar søkelyset på internasjonalt utdanningssamarbeid. Merksemda har vore mykje retta mot forskingssamarbeid. Internasjonalt kontor gir ikkje i dag den støtta fagmiljøa treng for å utvikla søknader.

Utvalsleiar sa at me har meir erfaring med å skriva forskingssøknader enn å skriva søknader på utdanningsområdet, og la til at me kan arrangera workshop om det. Ein kan gå frå internt arbeid, så arbeida opp mot nasjonale og deretter mot internasjonale utlysingar.

Ho takka til slutt internasjonalt kontor for grundig arbeid med sak.

Vedtak:

Utdanningsutvalget tilrår at det foretas en gjennomgang av det faglige-administrative støtteapparatet til eksternt finansierte utdanningsprosjekter for å imøtekomm og muliggjøre økning av søknadene til eksternt finansierte utdanningsprosjekter.

V-sak UU 41/19 Forslag til endringar i forskrift om opptak til studier og emner ved Universitetet i Stavanger

Utdanningsdirektøren innleia og orienterte om saksprosessen. Det er styret som vedtek revisjonen.

Det var ein kort diskusjon om enkelte punkt i forslaget.

Utvalsleiar la til at våre lokale forskrifter ikkje må føra til at me stiller dårligare enn dei andre institusjonane når me skal rekruttera søkerar til studia.

Vedtak:

Utdanningsutvalet tilrår styret å vedta forskrift om opptak til studier og emner ved Universitetet i Stavanger.

V-sak UU 42/19 Utfyllende regler for lokalt opptak til masterstudier og videreutdanninger

Utvalsleiar innleia. Saka handlar først og framst om endringar, og etterlyste kva som gjeld for nye studier, slik at utvalet kan få eit samla oversyn.

Eitt av utvalsmedlemene kommenterte at nokre studier har reglar for betinga opptak, andre ikkje.

Utdanningsdirektøren svara at nokre fakultet ynskjer det slik for å kunna senda ut tilbod om studieplass tidleg nok. Det viser seg at å etterfylla med tilbod i ein seinare runde ikkje gir nok studentar til studia. Dette gjeld studier med avgrensa opptaksplasjer.

Vedtak:

Utdanningsutvalet godkjenner dei vedlagde regelverka.

UU 43/19 Utgår: Kvalitet i studieprogram - interne tilsyn 2019

O-sak UU 44/19 Semesterstart 2019 - rapport

Marianne Simonsen innleia. Det vert gjort endringar i studentmottaket kvart år. Det vert gjort ei undersøkjing mellom studentane om oppstart. Denne vert brukt for å gjera mottaket betre.

Utdanningsdirektøren la til at for to år sidan vart det innført felles oppstart for både nasjonale og internasjonale studentar. Men det viser seg at internasjonale studentar treng meir informasjon. Rapporten viser at det er mykje fokus på alkohol. Før gjorde internasjonalt kontor ei undersøkjing mellom dei

internasjonale studentane kvar haust. Dei siste to åra har det vore gjort slik undersøkjing mellom alle studentane.

Det vart kommentert frå fleire at dette arbeidet er veldig viktig. Studiestarten er studentane sitt fyrste møte med UiS, og kva me står for. Det er viktig at universitetsleiinga kan vera meir til stades i semesterstarten.

Nestleiar for utdanning i StOr kommenterte at det i saka står at semesteropninga må vera under telt. Han meinte at dette ikkje kan påleggjast fadderordninga, fordi det vert for dyrt.

Utdanningsutvalet meinte at det må vurderast kven som skal bera kostnadene.

Tydinga av at universitetsleiinga kan vera meir til stades for studentane i semesterstarten vart understreka av ein av dei andre studentrepresentantane.

Vedtak:

Utdanningsutvalet tek saka til orientering.

V-sak UU 45/19 Plan for utdanningsutvalet 2020

Utdanningsutvalet innleia. Det er laga ein møteplan for 2020. Utdanningsutvalet og læringsmiljøutvalet arrangerar møta same dagen. Felles saker kan leggjast til tida mellom dei spesifikke utvalssakene.

Utdanningsdirektøren har merka seg at årshjulet ikkje er heilt i samsvar med utvalet sitt faktiske årshjul og må oppdaterast.

Utdanningsutvalet diskuterte så planen for 2020 og dei tre hovudområda om låg i saksframlegget.

Frå diskusjonen

- Skal ECIU vera det einaste punktet under internasjonalisering? Planen bør ha andre internasjonaliseringssaker også.
- Strategiplanen for universitetet bør ha tydelegare fokus, jfr. utdanningsutvalet si orientering i sak 38.
- Meritteringsordninga bør også vera med i planen, under kvalitet i studieprogram.
- Planen nemner studieprogram, men ingen ting om studieportefølje.

Utdanningsutvalet og utdanningsdirektør summerte opp innspela med at punktet «Kvalitet i studieprogram» skal vera «Kvalitet».

Nytt punkt under kvalitet:

- Utvikling av kvalitetssikringstiltak.
- Kompetanseutvikling og merittering av arbeid med undervising.

Nytt punkt om utvalet som rådgjevande organ:

- Arbeid med ny strategiplan.

Utdanningsutvalet la til at det i saksframlegget står «Kvalitetssystemet, oppfylgjing og eventuell revisjon», men det har allereide vist seg at det er behov for revisjon i 2020.

Det var spørsmål frå utvalet om når ein kan spela inn forslag til revisjon av kvalitetssystemet. Det kan gjerne kommuniserast.

Utdanningsutvalet føreslår at utdanningsdirektøren lagar ein plan for revisjonsarbeidet.

Vedtak:

- a) Utdanningsutvalet fastset fylgjande møteplan for 2020:

Onsdag 5. februar
Onsdag 25. mars
Onsdag 13. mai
Onsdag 23. september
Onsdag 18. november

Tidsramma for møta er kl 09.00 – 11.30, dersom ikkje anna vert bestemt for det enkelte møtet.

- b) Utdanningsdirektøren tek innspel frå utvalet med i utarbeiding av endeleg framlegg til plan for utvalet sitt arbeid i 2020. Planen vil verta lagt fram for utvalet i møte 5. februar 2020.

O-sak UU 46/19 Andre orienteringssaker

Utdanningsdirektøren orienterte om fylgjande saker:

- Utviding av digital studentekspedisjon. Fleire og fleire funksjonar vert lagde til digital studentekspedisjon.
- Utlysing av utdanningskvalitetsprisen 2020. Intern frist er 20. januar. Prorektor for utdanning har ansvar for den interne prioriteringa før innsending til DIKU og ynskjer mange nominasjonar.
- UiS vil også etablere eigen, intern utdanningspris.
- NOKUT sitt tilsyn med kvalitetsarbeidet ved UiS. NOKUT kjem på institusjonsbesøk 19. og 20. november.

Vedtak:

Utdanningsutvalet tek sakene til orientering.

UU 47/19 Eventuelt

Det var ingen saker til eventuelt.